

Retningslinjer for Regionalt kulturfond Vestland

Framlegg til hovudutval for kultur, idrett og inkludering 19. juni 2025

Føremål

Tilskotsordninga Regionalt kulturfond Vestland skal bidra til gode lokalsamfunn og eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile Vestland.

Ordninga skal bygge opp under visjonen «Kultur bygger samfunn» og hovudmålet «alle skal kunne delta, oppleve og skape» i Regional plan for kultur 2023–2035.

Tilskotsmidlane skal

- stimulere til auka aktivitet og deltaking i kulturlivet
- styrke samspel mellom profesjonelt og frivillig kulturliv
- forsterke lokal og regional kulturfrivillighet
- bidra til auka kvalitet på kunst- og kulturtilbodet lokalt og regionalt.

Retningslinjene er utarbeidde i tråd med forskrift om Regionale kulturfond.

Søknadsfrist

Årleg søknadsfrist skal vere i januar. I 2025 er søknadsfristen 1. september.

Målgruppe for ordninga

- Organisasjonar og institusjonar innan det frivillige og profesjonelle kulturfeltet i Vestland.
- Innbyggjarane i Vestland.

Kven kan søke om støtte

- Ordninga gjeld for frivillige og profesjonelle aktørar innan kulturfeltet med aktivitetar i Vestland. Kulturfeltet gjeld i dette tilfellet aktørar med verksemd innan musikk, scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, dataspel, film og kulturarv, i tillegg til design og kunsthåndverk.
- Aktørane må vere registrerte i Einingsregisteret og ha hovudverksemda si i Vestland. Unntak kan vere andre norske kulturaktørar som gjennomfører prosjekt i Vestland.
- Aksjeselskap som søker må ha eit ideelt føremål i vedtektene.
- Kommunar som søker må dokumentere samarbeid med minst éin aktør frå kulturlivet, og må bidra med minst 50 % eigendel.

Dette støttar vi - prioriteringar og satsingar

Det kan bli gitt tilskot til tiltak og aktivitetar i heile Vestland. Følgjande blir prioritert i ordninga, jf satsingar i regional plan for kultur:

1. Prosjekt som bidrar til eit nyskapande og utforskande kulturliv.
2. Prosjekt som styrkar nettverk, kunnskap og/eller mangfald.
3. Prosjekt med fokus på å redusere klima- og miljøavtrykk.

Søkarane skal velje ut éi satsing og må i tillegg oppfylle føremål i ordninga.

Det kan ikkje bli gitt tilskot til

- a. investering i eller vedlikehald av bygg eller anlegg
- b. større investeringar i utstyr, instrument eller faste installasjonar
- c. aktivitetar eller tiltak som hovudsakleg inneber idrett eller friluftsliv
- d. kausjon eller annan økonomisk garanti
- e. investeringar i tilskotsmottakars eigenkapital
- f. renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt

- g. ordinær drift*
- h. reine forskingsprosjekt
- i. kommunale kulturtenester
- j. prosjekt som utelukkande omfattar ein enkelt kunstnar sin produksjon

* Eksempel på kva som **ikkje** bli rekna som ordinær drift:

- Mellombelse prosjekt eller eingongstiltak med særskild finansiering.
- Pilotprosjekt for å teste nye metodar, formidlingsformer eller publikumsarbeid.
- Nyskapande eller eksperimentelle tiltak utanfor kjerneverksemda, t.d. i samarbeid med andre.
- Strategiske satsingar som inneber vesentlege endringar frå det ordinære tilbodet.

Krav til søknaden

Søknadene skal gjelde 1 til 3-årige prosjekt, og vere innanfor virkefeltet kunst og kultur. Alle søkjarar skal bruke nettbasert skjema og budsjett. Søknaden må vere sendt på rett måte innan søknadsfristen.

Ved fleirårige søknader skal søkjar i tillegg legge ved

- utdjupande prosjektskildding / prosjektplan
- plan for kommunikasjon og formidling av prosjektet sine resultat.

Slik vurderer vi søknadene

Søknadene vert vurdert utifrå kriterium om behov og relevans:

- Søknaden er relevant for føremål og ei av satsingane.
- Det er gjort greie for prosjektet sitt behov og relevans (t.d. ved å vise kva andre aktørar gjer, kor det er manglar i eit tilbod, kva som er nytt i sektoren/bransjen e.l.).
- Prosjektet skal ha regional kulturverdi (t.d. at prosjektet har samarbeidspartnarar, deltaking eller interesse i eit større geografisk område i fylket, eller at prosjektet bidreg til utvikling innanfor kulturfeltet i fylket gjennom kvalitet, eigenart og nytenking).

Søknadene vert vurdert utifrå kva resultat prosjektet planlegg å få:

- Søkjar skal vise korleis prosjektet kan nå måla i ordninga og korleis målgrupper og publikum kan dra nytte av tiltaket.
- Søkjar må skildre kommunikasjons- og formidlingsaktivitetar for å nå ut til aktuelle målgrupper.
- Søkjar skal gjennom prosjektutforminga og gjennomføringa ta omsyn til klima- og miljø.
- Søkjar skal gjennom prosjektutforminga og gjennomføringa ta omsyn til kjønnsbalanse, inkludering og mangfald.

Slik fastset vi støttebeløp

Regionalt kulturfond er finansiert gjennom midlar som er sett av i statsbudsjettet frå Kultur- og likestillingsdepartementet, i tillegg til fylkeskommunen sine egne budsjettmidlar.

Det kan bli gitt støtte til eitt- eller fleirårige prosjekt. Ved fleirårige prosjekt blir heile søknadssummen løyvd første året det blir løyvd midlar til prosjektet. Løyvingane skal i hovudsak ligge mellom 100 000 kr og 2 million kr.

Dersom det ikkje er rom til å løyva minst 1/3 av søknadssummen, får søknaden avslag. Vestland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt. Det er forventa at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.

Midlane blir tildelt i tråd med [regelverket for offentlig støtte](#), jf. EØS-avtalen artikkel 61 (1).

Slik handsamar vi søknadene

Forvaltningslova blir lagt til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. forvaltningslova.

Avdeling for kultur og folkehelse førebur og gjer kulturfaglege vurderingar av søknadane, som blir lagt fram for politisk handsaming og vedtak i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Det vil verte lagt fram sak om fylkeskommunen sine tilskotsordningar på kulturfeltet og handsaming av desse til politisk vedtak hausten 2025, og dette kan få innverknad på rutinar for handsaming av søknader og vedtaksmynde i denne ordninga ved seinare utlysingar.

Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstillinga skal grunngjevast i saksframlegget. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

Klage

Enkeltvedtak fatta av fylkeskommunen kan klagast i samsvar med Forvaltningslova § 28 andre ledd.

Søkjjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klaga vert sendt til Vestland fylkeskommune.

Oppfølging og rapportering

Tilskotet skal brukast i tråd med føresetnadene i retningslinjene og vedtaket om tilskot. Prosjektet skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Tilskotsmottakar skal levere rapport om bruken av tilskotet til fylkeskommunen (ved prosjektslutt). Det kan bli gjort krav om rapport undervegs i prosjektet. Rapporten skal innehalde rekneskap for prosjektet, og elles det som er nødvendig for at fylkeskommunen kan gjennomføre kontroll og oppfylle rapporteringsplikta. Rapportar for tilskot over 500 000 kr skal innehalda rekneskap stadfesta av revisor eller autorisert rekneskapsfører.

Fylkeskommunen fører kontroll med at tilskotet er brukt i tråd med føresetnadene, basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Tilskotsmottakar skal på førespurnad gi alle opplysningar som er nødvendige for at fylkeskommunen kan gjennomføre slik kontroll som nemnt i første ledd.

Dersom det er utbetalt tilskot i strid med denne forskrifta, eller tilskotet ikkje er utbetalt eller nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga, kan fylkeskommunen krevje heile eller deler av tilskotet tilbake.